

Alver kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Vår dato: 11.03.2021
Vår ref.: 202104256-2
Arkiv: 323
Dykkar dato: 17.02.2021
Dykkar ref.: 21/571 - 21/10908

Sakshandsamar:
Toralf Otnes
95875035/toot@nve.no

NVE si fråsegn til søknad om bygging av landbruksveg på Kvamme - Gnr. 245 bnr. 5 - Alver kommune

Vi syner til brev datert 17.02.2021. Saka gjeld søknad om bygging av landbruksveg på Kvamme.

NVE rår til at vegen vert lagt så langt frå elva at bygginga ikkje fører til inngrep i kantvegetasjonen, jf. vassressurslova (vrl) § 11. De bør vurdere kor brei denne sona med kantvegetasjon skal vere. Det er og viktig at vegen blir lagt så høgt over elva at den ikkje når i, og eroderer, vegen ved flaum.

Kryssing av elva må skje på ein slik måte at den ikkje stuvar opp vatn ved flaum. Oppstuvung kan i verste fall føre til at flaumvatn tek nye vegar utanom elveløpet og gir skade på byggverk og infrastruktur nedstrøms.

Det er ikkje naudsynt med ytterlegare vurderingar av tiltaket etter vrl. Vi ber dykk minne tiltakshavar om vrl § 5 om aktsemdplikt og § 47 om erstatningsansvar.

Vi ser elles at tiltakshavar har kryssa feilaktig av på søknadsskjemaet del 6 på fleire punkt. Deler av vegtraséen ligg innanfor aktsemdområde for jord- og flaumskred. Den ligg og under marin grense, og ikkje over som kryssa av for i søknaden. Vi syner elles til rettleiaren [Skogsveger og skredfare](#). Rettleiaren syner korleis skogsvegar i bratt skredfarleg terreng bør planleggast og utførast for å unngå auka skredfare.

Med helsing

Siss-May Edvardsen
fung. regionsjef

Toralf Otnes
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.



Kopi til:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND